



## MØTEREFERAT: NARMA arbeidsutval

---

Møtetid: Tysdag, 22.11.2016, 12-14  
Møtested: Nettmøte, connect.uninett.no  
Tilstede: Troels Jacobsen (leder; UiS), Konstantinos Chilidis (UiO), Kathrine Huke Markengbakken (NTNU), Eirin Fausa Pettersen (HiB), Tanja Strøm (HiOA), Hanne Merethe Sørgerd (NTNU), Eli Andås (UiA), Ståle Liljedal (UiT)  
Ellers møtte: Ragnar Lie (UHR, observatør), Målfrid Tangedal (UiA, referent)  
Forfall: Solveig Fossum-Raunehaugen (NMBU), Stian Sundell Torjussen (HiH), Nina Hedlund (Forskningsrådet, observatør)  
Arkivref.: 16/03531

### **2016/16 Oppfølging: referat frå førre møte, 18.10.16**

Referat frå førre møte er godkjent

### **2016/17 Vårkonferansen 2017**

Gjennomgang av innspel til parallellsesjonar.

- IPR (Hanne) – ferdig planlagt sesjon, med innleiarar. Kan leggast begge dagar. Skal gjerast tilgjengeleg for ikkje-juristar. Dette må komme fram i programmet
- Forskningsadministrator i en søknadsprosess (Konstantinos): Det skal sendast ut case i forkant av konferansen, sesjonen avsluttast med workshop. Støtte for å ta inn kommunikasjonsrådgjevar som tredje innleiar. Konferansen må marknadsførast også mot tilsette i kommunikasjonsavdelingar.
- Bibliometri (Tanja): Nasjonal infrastruktur for bibliometri. Thed van Leeuwen (ikkje stadfesta): Skadar eller gagnar det å levere mindre gode bibliometriske analyser? Forskningsrådet og NOKUT om deira bruk av bibliometriske måltall.
- Nasjonal forskningsinfrastruktur (Tanja) – presentasjon av dei to nasjonale forskningsinfrastruktur. Usikkert om bibliometri og nasjonal forskningsinfrastruktur skal vere éin sesjon, eller utvidast til to.
- Karriere og kompetanseutvikling (Ragnar): NFR sitt kompetansehevingsprogram – presentasjon og statusbeskriving. Må passe på at det ikkje vert repetisjon av det som er presentert på tidlegare møter. Kan inkludere workshop – forslag til kurs som institusjonane sjølv kan gi. Skal kunne fylle éin sesjon.
- Hvordan bygge sin egen jobbkarriere som forskningsadministrator (Ragnar): innlegg frå forskningsadministrativ leiing og stab. Vil vurdere å ta med ein med erfaring frå EARMA sine kurs. Bør ha ein miks av personar med og utan doktorgrad, dei utan forskarerfaring bør bli presentert. Kan vere interessant å ha med administrative leiarar som kan dekke problemstillinga med fordeling av oppgåver og ressursar. Kopleing mellom ressursbehov og karrierebygging? Kan vere aktuelt å inkludere fusjonsproblematikken, forming av nye struktur/avdelingar og samhandling på tvers

internt i nye institusjonar? Kva blir rammene for karriereutvikling, og smarte løysingar? Ragnar tenker på dette, og går ev for ei tredeling av tematikken ut over to sesjonar.

- Forskingsetikk (Eirin): Heidi Skramstad og Trond Brattelid ved HiB tek ansvaret for sesjonen, og skal ha SIG-møte 19. desember. Mest sannsynleg tema knytt til ny forskningsetikklov.
- Økonomi, hovudtema TDI (Ståle og Kathrine): Erfaringar med TDI i eksterne prosjekt. Forskningsrådet har stadfesta at dei kan snakke om kva effekt bruk av TDI har hatt på prosjektbudsjett og tildelingar. UiT kan presentere erfaringar rundt bruk av leiestadskostnader, og kva effekt det har hatt på prosjektøkonomien. Treng ein innleiar til. Anna aktuelt tema: kva effekt har TDI hatt på samarbeid om forskingsinfrastruktur institusjonar i mellom? Innspel frå Hanne: Aktuelt å ta inn noko om nasjonal infrastruktur? I så tilfelle må sesjonen ikkje ligge samstundes som IPR-sesjonen.
- Målfrid lager oppsett over konferanseplan og sender ut til AU så snart som mogeleg

Plenum:

- Tina Lewis, KU, bedt om å snakke om LEAN i administrasjon. Ikkje stadfesta.
- Forskningsrådet, ikkje stadfesta om direktøren har høve til å stille.
- Andre aktuelle tema?
  - Noreg i H2020 – statuspresentasjon frå Forskningsrådet? Suksesshistorie frå H2020?
  - Har KD innan dess vedteke retningslinjer frå Brekke-utvalget: open access og siteringsindikator (NIFU)?
  - EUA: strategrådgjevar Thomas Estermann?
  - KD: krav til effektivisering og mål om auka deltaking i H2020 – korleis løyse dette?
  - Avslutte med noko lettare – som for eksempel kan motivere, fokusere på arbeidsmiljø ?

Underholdning:

Arbeidsutvalet har motteke diverse forslag til underholdning til konferansemiddagen. Sekretariatet vil kontakte Meetings og be dei avtale med komikar Christian Mikkelsen. Dersom han ikkje er ledig vert Gustav Nilsen sett som ei god erstatning.

Budsjett

- Godkjent

## **2016/18 The Path to EU Excellency**

Samarbeid med forskningsrådet om tilsetting av ein rådgjevar i 2,5 år i prosjekt for kompetanseprogram. Den tilsette vil ha arbeidsstad ved UiA.

## **2016/19 Eventuelt**

Ingen eventuellsaker

**Neste møte**

Målfrid kallar inn til nytt møte i desember

Møtet vart avslutta kl 12:50